



Troms og Finnmark mållag

Leiar: Magne Leon Heide, Bergsvegen 29, 9475 Borkenes
e-post: tfmaallag@gmail.com



17. juni 2021

Til

1. Klima- og miljøverndepartementet
v/ klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn
Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo
postmottak@kld.dep.no
2. Kommunal- og moderniseringsdepartementet,
v/ kommunal- og moderniseringsminister Nikolai Astrup
Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no
3. Språkrådet
Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo
post@sprakradet.no
4. Kartverket
Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
post@kartverket.no

Tillat fleispråklege adressenamn, straks !

Kartverket har det siste tiåret gjennomført eit større adressenamn-prosjekt der alle matrikeladressane i Noreg skal få eiga vegadresse (adressenamn). Alt tidleg i dette arbeidet dukka det opp spørsmål i Nord-Noreg om å få to- eller trespråklege adressenamn (norsk, samisk, kvensk). Først ute var Tana kommune som i 2010 ønskte trespråklege adressenamn (vegnamn). Miljøverndepartementet konkluderte i 2011 med at det ikkje var tillatte med fleispråklege adressenamn. I praksis har dette ført til eit forbod mot parallelle samiske og kvenske adressenamn. Sist dukka dette spørsmålet opp hausten 2020 då Kåffjord kommune bad om å få bruke trespråklege adressenamn.

Nå er det på tide at den ansvarlege ministeren grip fatt i denne saka og får ho på rett spor. Det bør straks settast i verk eit arbeid som gjer at fleispråklege adressenamn no blir tillatt.

Dette skreiv vi i eit brev til dokker 22. februar 2021. No etterlyser vi kva som skjer vidare med denne saka.

I alle stadnamn kan ein no bruke ein-, to- eller tre-språklege namn, jfr. stadnamnloven par. 4 og 11. Men i matrikkeloven er det eit unnatak for adressenamn, jfr. Matrikkelforskriften par. 51.1:

«(1) Kommunen skal tildele alle gater, veger, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innenfor kommunen.».

Kartverket har framleis ei presisering om dette:

«Adressenavn tildeles kun på ett språk i matrikkelen – norsk, samisk eller kvensk.» ([kartverket.no, lenke](http://kartverket.no/lenke))

Spørsmålet om å tillate fleispråklege adressenamn har vore tatt opp fleire gonger, og fleire kommunar har etterlyst ei endring av lovverket, eller rettare sagt ei ny tolking av begrepet «entydig» i matrikkelforskriften par 51.1.

Språkpolitisk meiner vi det no er på høg tid at denne språklege uretten blir retta opp. Kartverket si grunngeving er at «hensynet til entydige og unike adresser må veie tyngst» (Kartverket.no). Men det har aldri vore forklart kva som ligg i begrepa «entydige» (som berre er ei attgjeving av omgrepet i matrikkelforskriften) og «unike» adresser. Fleirspråklege stadnamn er jo både «entydige» og «unike», og vi skjønner ikkje kva som skil desse allmenne stadnamna frå adressenamna. Argumenta om at det skapar vanskar for uttrykingskjøretøy med fleirspråklege adressenamn held ikkje, det er heller slik at fleirspråklege adressenamn skaper tryggleik, slik dei gjer ved uttrykkingar til fjell og utmark som kan ha både to- og fleirspråklege namn. Vi har til no ikkje hørt om redningshelikopter som har komme til feil stad fordi det har vore fleirspråklege stadnamn. Vi står berre att med språkpolitisk uforstand – og kanskje litt uvilje – mot å tillate fleirspråklege adressenamn. Og det held ikkje.

Vi håper at dei aktuelle departementa, Kartverket og Språkrådet snart vil ta opp att denne saka, og få den språklege uretten retta opp.

Vi legg nok ein gong med meiningsytringa som blei sendt fleire nordnorske aviser i februar 2021, og viser til heimesida (bloggen vår) «Språk i nord» ([lenke](#)) der denne saka har vore tatt opp. Lesarinnlegget har bl.a. vore publisert i avisa Fremover 4.2.2021 ([lenke](#)), Nordlys 4.2.2021 ([lenke](#)), avisa Nordland 8.2.2021 ([lenke](#)) og den kvenske avisa Ruijan Kaiku 8.2.2021 ([lenke](#)).

Med helsing
Troms og Finnmark mållag

Magne Leon Heide, leiar (sign.)

KOPI:

Sámediggi – Sametinget, Postboks 3, 9735 Kárášjohka/Karasjok samediggi@samediggi.no

Opphev forbudet mot fleispråklege adressenamn !

Av Magne Leon Heide,
leiar, Troms og Finnmark mållag

Kartverket har det siste tiåret gjennomført eit større adressenamn-prosjekt der alle matrikkeladressane i Noreg skal få eiga vegadresse (adressenamn). Alt tidleg i dette arbeidet dukka det opp spørsmål i Nord-Noreg om å få to- eller trespråklege adressenamn (norsk, samisk, kvensk). Først ute var Tana kommune som i 2010 ønskte trespråklege adressenamn (vegnamn).

Statens kartverk konkluderte med at det berre burde tildelast eitt adressenamn (brev 28.02.2011). Dette støtta Miljøverndepartementet i svaret sitt til Tana: «Miljøverndepartementet er enig i denne vurderingen. Vi vil derfor ikkje ta initiativ som åpner for bruken av parallelle namn på fleire språk som offisielle veinavn – verken generelt eller i bestemte kommuner» (brev 7.3.2011). Og sia den tida har vegleiaren for adressenamn nekta for fleispråklege namn: «Det betyr at kommunen må tildele eitt offisielt adressenavn på det skriftspråket kommunen velger, jamfør matrikkelforskriften § 51 første ledd. Hvilket språk kommunen velger kan variere fra tilfelle til tilfelle.» (Kartverket på nett: «Flerspråklige adressenavn»).

Som namnekonsulent for norske stadnamn i Nord-Noreg i åra 2012-2017 tok eg denne saka opp på kvart samrådsmøte vi hadde. Samstundes tilrådde vi heile tida kommunane om å vurdere samiske og kvenske adressenamn der det var aktuelt. Men sia berre eitt adressenamn etter regelverket kunne vedtakast, gjorde alle kommunar vedtak om norske namn der det kom opp spørsmål om parallelle adressenamn. Det er forståeleg at majoritetsspråket «seira», men språkpolitisk uforståeleg at det skulle og skal vere slik.

Det er rett nok eitt heiderleg unntak frå dette. Narvik kommune har vedtatt eit tospråkleg namn: Vassdalsveien / Áravuomebálggis. Det er komme på kart og skilt. Fleire kommunar bør følgje deira eksempel, det har til no ikkje fått negative konsekvensar for Narvik. Og det har ikkje vore problem verken med feilkjøring eller anna i denne vegen, heller tvert om.

Ifjor haust (nrk 8.9.20) dukka spørsmålet opp med full tyngde når Kåfjord kommune bad om å få bruke trespråklege namn. Språkleg identitet var avgjerande for kommunen. Og her ligg kjerna i saka. Adressenamna er dei nye stadnamna, som ofte erstattar gamle stadnamn som har blitt brukt i lang tid for å fortelje kor ein bur. Derfor bør ein slå ring om den språklege identiteten som desse adressenamna gir. Argumenta imot fleispråklege namn er så få, tynne og utslitte at det er på høg tid å gje dei på båten.

Den ansvarlege ministeren bør derfor straks gripe fatt i denne saka og få ho på rett spor. Fleispråklege adressenamn bør no bli tillatt.